

KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

Nr. 07-2016 Torsdag 13. oktober 45. årgang

Neste nr. av KB kjem ut 17. november 2016

Nytt stoff innan 25. oktober 2016



Kyrkjekesyss

Treng du skyss for å kome deg til gudssteneste? Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Elbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefttid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	56 16 72 94
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Svein T Villanger,
Redaksjon:	Øystein Soldal, Jorunn Kårdal.
Bankgiro:	3490.07.04196
E-post:	kyrkjeba@online.no
Adresse:	5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

Fredag 14. okt.

Samling med 3. åringane
«Nattagudsteneste»
med kveldsmat

Wilco Vogelar og Jostein Hauge

Lørdag 15. okt.

Samling for 4. åringane
Bollefest og bibelforteljingar
Wilco Vogelar, Jostein Hauge
og Nils Arne Lavik

Søndag 16. okt. kl. 11.00

Familiegudsteneste
Nils Arne Lavik
Utdeling av bok til 3. og 4. åringane
Takkoffer til: Bergen søndagskulekrets

Søndag 6. nov. kl. 11.00

Helgemesse
Per Børge Hillestad
Takkoffer til kyrkjelyden sitt diakoniarbeid

Søndag 13. nov. kl 11.00

Gudsteneste
Takkoffer til Nordhordland Indremisjon

Søndag 20. november kl. 19.30.

«Syng deg gla'-kveld»

Søndag 27. nov. kl. 19.00

Lysmesse
Konfirmantane og konfirmantleiarane

«Kom og se en mann som har fortalt meg alt det jeg har gjort! »

27 I det samme kom disiplene hans, og de undret seg over at han snakket med en kvinne. Men ingen av dem spurte hva han ville eller hvorfor han snakket med henne.28 Kvinnen lot nå vannkrukken sin stå og gikk inn i byen og sa til folk: 29 «Kom og se en mann som har fortalt meg alt det jeg har gjort! Han skulle vel ikke være Messias?» 30 Da dro de ut av byen og kom til ham.

39 Mange av samaritanene fra denne byen kom til tro på Jesus på grunn av kvinnens ord da hun vitnet: «Han har fortalt meg alt det jeg har gjort.» 40 Nå kom de til ham og ba ham bli hos dem, og han ble der to dager. 41 Mange flere kom til tro da de fikk høre hans eget ord, 42 og de sa til kvinninen: «Nå tror vi ikke lenger bare på grunn av det du sa. Vi har selv hørt ham, og vi vet at han virkelig er verdens frelses.» - Joh. 4

Kvinnen som møtte Jesus der ved Jakobskilden var en som folk så ned på. Hun var sett ned på, på grunn av måten hun levde på og ville helst gå og hente vann når ikke det kom noen andre til kilden. Men der i middags heten møter hun en mann, en jøde, en som hun helst ikke skulle ha noe med å gjøre.

Selv etter å ha snakket med han, er hun ikke helt sikker på hvem han er. Men det er noe med han, noe med måten han ser på henne på, snakker med henne på og møter henne på. Han forteller henne alt hun har gjort, og det er ikke noe å skryte av. Livet ble ikke slik hun hadde tenkt livet skulle bli. Hun skammet seg over livet sitt. Hun var utstøtt og syntes kanskje hun fortjente det.

Men så møter hun Jesus. Hun møter en som ser henne og bekrefter henne. Hun møter en som snakker om tro med henne, noe de fleste nok ikke syntes det passet seg å diskutere med kvinner. Hun føler seg verdsatt og viktig. Hun kjenner seg så trygg at hun ikke har behov for å skjule noe. Han anerkjenner henne som akkurat den hun er.

Hun setter fra seg vannkrukken og løper inn i byen, beruset og forandret av denne mannen som er helt annerledes enn andre menn.

«Kom og se en mann som har fortalt meg alt det jeg har gjort!»

Hun har sett noe som må deles. Hun er ikke tyngt ned av skam. Hun vet ikke helt hvem hun har møtt. Men den hun har møtt har forandret hennes syn på seg selv. Hun er den samme, men hun er likevel ikke den samme. Hun er forandret. Hun spør: Han skulle vel ikke være Messias?

Hennes mot til å peke på Jesus Messias, frelseren, for det var jo han det var, har fulgt den kristne kirke gjennom alle tider.

Guds sønn som ble menneske for å kunne møte folk der de er i livet sitt, som kunne se bak maskene og gjøre folk fri til å tørre å leve livet. Ærlighet og kjærlighet møtte kvinninen. Hun ble fri fra de andres dom slik at hun kunne vise dem veien til Jesus.

De kom, hørte på han og mange ble overbevist om at han virkelig er verdens frelses. Det er i møte med Jesus Kristus vi også kan bli overbevist, og da er det bra at noen kan vise oss veien. Noen må si: Kom og se!

Per Børge



Kyrkjebøkene i Austrheim

Døyte

- 28.08.16 Vendela-Desideria Bergetun Larsen-Mjøs (døypt i Alversund)
17.09.16 Celine-Emilie Bruaas
18.09.16 Amalie Øksnes Nordgard
Oskar Øksnes Haglund

Vigde

- 17.09.16 Linn Therese Bruaas og
Iben Uno Andre Bruaas

Døde

- 03.09.16 Aud Lillian Mailinn Langøy f. 1952
03.09.16 Odny Gunvor Vik f. 1929
11.09.16 Norvald Magnus Hopland f. 1941



Utgjevingsplan Kyrkjebakken andre halvår 2016

Leveringsfrist KB kjem ut

Nr. 08/16	25. oktober	17. november
Nr. 09/16	22. november	15. desember

Takk

Hjarteleg takk

for pengegåva som vart gitt til
Nordliheimen i samband med gravferda til
Erling Fonnes og Oddny Vik

Takksame helsingar frå

Personalaet og bebuarane ved
Nordliheimen

Hjarteleg takk.

Hjarteleg takk til diakonnemnda for den fine
rosa eg fekk til gebursdagen min.

Takk for hyggeleg besøk av rosebærer Anny.

Vennleg helsing

Konstanse Sætre

SYNG DEG GLAD-KVELDANE ER I GANG ATT.

Søndag 11. september starta «Gla'songgruppa» i kyrkjelyden opp att med ein ny «sesong» med syng deg glad-kveldar i kyrkja.

Mange hadde funne vegen til kyrkja vår denne kvelden for å lytta til og syngja med frå den rike song- og salmeskatten vi har både i Salmeboka og Sangboken. Å sitja i kyrkja ei kveldstund der kveldsmørkret sig på og kyrkjerommet er fylt av musikk og song, og der ein sjølv får delta, er ei spesiell oppleveling og ein god oppstart på den nye veka som ligg framfor.

Denne kvelden fekk vi og lytta til tonar og ord framførd av det songglade fellesskapet «Hatikva» som har base på Vollom i Seim, men med medlemer frå andre bygder sør i regionen. Takk for at de kom og var med!

Og denne kvelden som alltid etter syng deg glad-kveldane, smakar det godt med kaker, kringler, kaffi og te ved utgangen der ein og kan få helsa på og slå av ein prat både med kjende og ukjende.

I år er det 10 år sidan desse syng deg glad-kveldane starta opp, og med den oppslutnaden det har vore om desse søndagskveldane i kyrkja, så satsar «Gla'songgruppa» friskt og inspirert på eit nytt 10-år! Ei takk til alle deke som trufast finn vegen til kyrkja desse songkveldane, og de kan tru vi vert glade når nye ansikt dukkar opp i kyrkja og blandar røysta med alle oss andre!

Neste «syng deg gla'-kveld» vert søndag 20. november kl. 19.30. Nett DU som les dette er VELKOMEN, og få gjerne andre til å slå følgje!

Helsing «Syng deg gla'gruppa»

Ynskjer å leige husvære

Flyktningstenesta i Austrheim kommune søker etter rimeleg bustad for ein familie frå Syria.
Familien har tre born i alderen 4 til 14.
Bustaden må vera i gangavstand til Årås skule, eller nær busshaldeplass for reise til Mastrevik.
Møblert eller umøblert – alt av interesse.

Kontakt flyktningstenesta på telefon: 409 03 863
eller på
epost: signe.knappskog@austrheim.kommune.no

JULEMESSE

Minner om julemessens

lørdag 26.11 på

Samfunnshuset.

Påmelding 908 50 850

“Husmorlaget”

ÅRÅS BEDEHUS

Møte søndag 23 okt. kl.11:00

Møte søndag 30 okt. kl 11:00. Per Børge Hillestad talar.

Bibeltime v/Helge Keilegavlen tirsdag 15.november kl 19:00 i storsalen.

Bedehusdagen 19 nov. kl. 13:00. Sjå separat annonse.

Møte søndag 27. nov kl 11:00. Tale ved Kenneth Foss frå ImF-UNG.

Adventsmøte 11. nov kl 11:00. Silje Elin Minde deltar.

Leie av Austrheim Samfunnshus.

Telefon : 948 75 892 eller
mail: austsamf@gmail.com



Møttes etter 50 år

Sist dei var samla i kyrkja var i 1966, og også den dagen skein sola.

Men då var dei spente unge konfirmantar som følte seg klare for å ta fatt på vaksenlivet.

Dei måtte berre «stå for presten» før dei var vaksne. 18.september møttes dei igjen. Ikkje alle kjende kvarandre igjen, men etter ein presentasjonsrunde gjekk det betre.

Det var interessant å høyra dei fortelja om tida før bruene kom og kor lang tid det tok å ta seg fram med båt før dei kom til kyrkja, for dei som budde lengst ifrå.

Konfirmantane hadde førebuingstida si enten på Manger eller Lindås, alt etter kva ende av kommune dei hørde til i.

Dei fortalte oppglødd om den då unge presten Tore Tangen, som velde å samla alle konfirmantane i prestegarden.

Desse samlingane gjorde at dei vart kjende med kvarandre før konfirmasjonsdagen.

Etter gudstenesta inviterte Soknerådet til samling på Austrheim samfunnshus med god middag og god prat rundt bordet.



Tilstades på festen:

Bjarne Harry Bergsvik, Tore Håland, Annstein Lohne, Kåre Njøten, Øystein Soldal, Rune Strømsnes, Oddmund Vikene, Inger Helen Bergsvik Ottesen, Toril Marie Krogsrud Bergsvik, Gerd Ingunn Dyrnes, Edel Marie Fjellstad, Emma Sofie (Hauge) Hjelmtveit, Gunn Alise (Kjeilen) Grimelid, Kari Lerøy Brekke, Margun Sofie Skålevik Djuve, Ragna Sørensen, Ragnhild Aud Øksnes Kleiven, Erna Utkilen, Ingunn Sigrid (Fonnes) Haug, Jorunn Monslaup Nordvik.

Bedehusdagen



**Laurdag 19 november går bedehusdagen av stabelen på Årås bedehus.
Dørene opnar kl.13.00, programmet byrjar kl.14.00.**

- Kafè
- Tombola
- Loppemarknad
- Åresal og trekking av bøker
- Andakt

Meir informasjon finn du på den nye heimesida:
www.austrheimindremisjon.no

Me tek gjerne imot gevinstar om du ynskjer å støtte bedehuset. Ta då kontakt med Audun Gjerde (942 87 004) eller Grethe Monslaup (456 30 862).

Vel møtt på Årås bedehus!



LERVÅG BEDEHUS

Søndag 16.10 kl 11:00 Møte: Geir Talberg taler *søndagsskole / nattverd*

Fredag 21.10 kl 19:30 møte m/ Troens Bevis

NORGESTURNÈEN:

Generasjoner For Nasjoner



Rune Edvardsen - Kari Edvardsen - Hans Martin Skagestad

Møtehelg m/Varna Evangeliesenter 27. - 30.okt.

Torsdag, fredag og lørdag: møte kl 19:00

Søndag: møte kl 11:00 *søndagsskole*

Søndag 13.11 kl 11:00 **Familiemøte** Geir Talberg taler

Speiderne fra RR-Austrheim deltar

Kr. 21.000 vart til stor glede for mange, mange born i Ukraina.

No er turen til Korosten i Ukraina over, og eg har snakka med dei som fekk glede av å formidle pengane vi tok inn på konserten her i Austrheim 17/8. De skal ha like stor takk som eg fekk, utan at de kom på konsert hadde det ikkje blitt noko pengar å gje vekk.

Eg kjenner enno varmen av omfamninga til «mor Olena» på mor-barn senteret då ha med tårer i augo takka for at dei på sin ferie hadde fått midlar til noko ekstra opplevingar. Ho sa ein masse som eg ikkje forsto noko av, men eg skjøna at det var glede, og vi hadde tårar i augene begge to.



Sergiy (vår tolk og tilsette i THK Ukraina) kunne fortelje om to «bu-heime» leiarar. Ein for dei yngste skuleelevene og ein for dei store. Dei budde heime, kom tidleg om morgonen, hadde leik, moro, bibel-undervisning og engelsk undervisning. Hadde tre god måltid for dagen, og det var leir i ei veke for kvar gruppe. Borna var plukka ut av Sosialtenesten i Korosten by.

Vi var 17 personar som reiste til Ukraina 1. sept., denne gangen med fly. Vi landa i Kiev, ein stor by med 3 mill. fastbuande og minst 2 mill som oppheld seg i byen pga arbeid. Trafikken snigla seg sakte, vårt første stopp var ein MacDonald i utkanten av byen, menyen og interiøret var akkurat som her til lands, smaken også.

Etter over 3 timer i ein varm buss med sprekk i frontruta, ingen selar og ingen ventilasjon, kun ei flaske som held bakluka open, kjørte vi inn framfor det ombygde fabrikkbygget som no er Bibelskulen sine lokale, dei har fått det bra til no.

Korosten by var målet vårt, byen ligg ca. 8 mil frå Tjernobyl og jordbruksrådet vart særleg hardt ramma etter katastrofen i 1986. Varer dyrka i dette området kunne ikkje seljast. Og sidan mange ikkje hadde midlar til å kjøpe anna, vart det til at dei spiste det dei dyrka i den giftige jorda. Veldig mange opplevde å få alvorleg sjukdom etter Tjernobyl-katastrofen.

Når du kjem ut av sentrale strøk er det som du kjører inn i eit anna land.

Ukraina er stort, det er alt, gull og glitter, store byer og fattige landsbyer, du finn alt i det store landet, men det er også ein krig på gang og myndighetene bruker mykje midlar på den.

Langs vegen såg vi no meir dyrka mark, store åkrar med solsikker, det er eit stort land og mykje vidder å dyrke. Det var også litt husbygging i småbyane vi passerte.

Vi hadde 4 dager som var fullstappa med program tilknyttt prosjekt der THK bidreg med midlar: besøk i to private heimar, barneheim, dagsenter for psykisk utviklingshemma born, gamleheim, kulturskulen, musikkskulen, konsert på skule nr. 1, besøk i hybelheimen til unge jenter i utdanning, (dei var for gamle til å få bu på barneheimen lengre), vi var på alle utdelings-plassane, besøk i 3 fosterheimer (liknande SOS barnebyar) og på ordføraren sitt kontor der han takka for kva THK gjorde for byen.

THK kjører 24 trailerlass i året med hjelpesendingar til landet. Hjelpesendingane vert fordelt mellom: Røde Kors, flyktingehjelpen og sosialkontoret i kommunen, i tillegg har THK utdeling av klær og utstyr.

For å få klær og utstyr må dei ha eit skjema frå Sosialkontoret, det er eit sinnrikt system med utdelinga, antal tonn i hjelpesendingane skal stemme med det som vert utdelt. MEN det hjelper på korrupsjonen og då får det heller gå.

Eit nytt problem er flyktingar i eige land. Mange som opplever krigen i Øst-Ukraina flykter til roligare strøk i landet, og mange har kome til Korosten og områda omkring.


Men også nye håp, det er kome litt småindustri i byen, det er planar om ein stor treforedlings-fabrikk, men der er folk redd for at skogen vert høgd ned og at det fører med seg nye naturkatastrofer for landet.

Folket i Ukraina er eit stolt folk, det første vi fekk sjå var den fine parken i byen, den er dei veldig stolt av, og nokre dager etter vi reise heim skulle det vere ein stor «pannekakefestival» i byen. Då var det mat, musikk og dans, så alt er ikkje grått og fattigslig.

Dei har eit håp om ei betre framtid. THK håpar å få gje hjelp så lenge dei treng det.

-BAM-





MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SÅMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

Til sammen har vi 3 815 års erfaring med bilservice i Norge.

Rune Austrheim **Fosnøy Bilsenter AS**

Velkommen til Bosch Car Service!

Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

www.fosbilsenter.no

Vi gjør alt for bilen din.



Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!

Når kvalitet og service teller



*Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.*

Telefon vakt 56 16 98 35

MNTF



Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til
med rådgivning og
tilrettelegging ved
begravelser og
bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?
Vi har godkjente minirenseanlegg

Kontakt:
August Norge AS
Avd. Vestlandet
Tlf: 949 70 680
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befarung!
www.augustnorge.no

Mini Frisørsalong



ønsker velkommen

til gamle og nye kunder.

Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling: Mandag, Tirsdag,

Torsdag og Fredag.

Onsdag er stengt

Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko



Panasonic varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

Biblioteket - opningstid

Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no

God bok!

Bassenget på Kaland:

Garderobane og bassenget på Kaland skule skal gjennom ei større renovering og det vert dessverre ikke tilbod om offentleg bading framover.

Arbeidet kjem til å halde fram utover i dette skuleåret.

Annonse i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside kr. 1.000,-

3/4 – 2/3 side kr. 750,-

1/2 side kr. 500,-

1/3 side kr. 350,-

1/4 side kr. 250,-

Små annonser kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt: 116117

Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

KL.08.30 - 15.00.

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.**

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter

CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



Giving Hope To A Child (GHTAC)

Giving Hope to a Child har grunna lovendring i Liberia mot drift av ordinære barneheim, beslutta å endre planane for humanitær hjelp til barn i Liberia. Framfor å bygga barneheim vil vi no finne mindre prosjekt som kan hjelpe mange born – til dømes stønad til skulepengar, fritids-tilbod e.l. Støtt oss gjerne med å:

- Teikne deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikne deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, konto 3632 57 54065 For meir informasjon sjå heimesida vår: www.givinghope.no eller GHTAC på facebook.

Rolf Maurseth (Styrelseiar)

Stine B. Karlsen

Styremedlem

Jusu Gyflan

Styremedlem

Tove Odland

Styremedlem

Silje A. Hoaas

Styremedlem

Jenfrid Stellberg

Styremedlem

Ole Moen

Forretningsfører



Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim



Den store barnehelga 14-16.okt

Helga startar med pyjamasfest for 3-åringane, fredag 14.oktober frå kl. 17.30 til 18.30. Ta med kosebamse og kom i din finaste pyjamas. Me skal syngje, fortelje frå bibelen og ete kveldsmat saman.

Laurdag 15.oktober kl 15.00 til 16.15 er det bollefest for 4-åringane. Her blir det og song, bibelforteljing, me skal gjere ei oppgåve frå aktivitetsheftet du får den dagen, sjå på boka du skal få søndag, og sjølvsagt ete boller og drikke saft.

Søndag kan alle bli med på familiegudsteneste med Nils Arne Lavik og Jostein Hauge. Her skal 3- og 4-åringane få kvar si bok.

Alle 3- og 4-åringar skal ha fått invitasjon i posten. Har du ikkje fått den, så kan du likevel melde deg på.

Påmelding til pyjamasfest for 3-åringar: www.kyrkja.no/natta

Påmelding til bollefest for 4-åringar: www.kyrkja.no/bollefest